

SONGFUGLEN

STUDIEMATERIELL



**DET
NORSKE
TEATRET**



GYLDENDAL
UNDERVISNING

INNLEIING

EIT STORSLÅTT VRENGEBILDE AV EIT SAMFUNN DER MENN ER FRITT VILT

Jakoba er tidleg i tenåra, og ikkje som andre barn. Han er gut. Ingen må få vite det. For dette er ei kvinneverd. Mennene er drivne ut for fleire generasjonar sidan, og er no i ein slags konstant geriljakrig med kvinnefellesskapet. Jakoba kjenner dei berre som fjerne og mystiske brøl frå skogen.

Bekmørk tematikk i eit vakkert språk går igjen i omtalane av forfattaren Jan Roar Leikvolls litteratur. Leikvoll døydde berre 40 år gamal i 2014. Demian Vitanza har dramatisert den siste romanen hans, *Songfuglen*. Husregissøren vår Peer Perez Øian skal gi den groteske skrekkvisjonen av eit samfunn scenisk liv, eit samfunn der menn blir brukte til prostitusjon og avl og gutebarn blir «tatt hand om».

I mange totalitære samfunn har songen ein viktig funksjon som korreksjon. Songen har gjerne ei tydeleg moralsk og oppdragande oppgåve og er både propagandaverktøy og limet i den einsretta kulturen. Artisten og komponisten Sandra Kolstad står for musikken i *Songfuglen*.

Dette studiematerialet er eit samarbeid mellom Det Norske Teatret og Gyldendal Undervisning. Her får du ein inngang til framsyninga, intervju med sentrale aktørar, utdrag frå romanen og oppgåver du kan bruke til for- eller etterarbeid.

Vi håper at besøket på Det Norske Teatret blir positivt, og at dette studiematerialet kan inspirere og vere nyttig i undervisninga.

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås
formidling- og pedagogisk ansvarleg
- Det Norske Teatret

Ingrid Oos Hove
Redaktør
- Gyldendal Undervisning



GYLDENDAL
UNDERSVING

GALLERI

MEDVERKANDE I FRAMSYNINGA



**FRANK
KJOSÅS**
Jakoba



**ELLEN BIRGITTE
WINTHER**
Mor



**GJERTRUD
JYNGE**
Malinovskaja,
Rabbinaren



**RENATE
REINSVE**
Tikva, vakt



**KJERSTI
DALSEIDE**
Veslejenta, vakt



**UNN VIBEKE
HOL**
Pnina, vakt



**ANNE
RYG**
Basjele, vakt



**HILDE
OLAUSSEN**
Levona, vakt



**NIKLAS
GUNDERSEN**
Prostituert m.fl.

Dramatisert av: Demian Vitanza

Etter ein roman av: Jan Roar Leikvoll

Songtekstar: Demian Vitanza og Petter Winther Gåre

Regissør: Peer Perez Øian

Scenograf og kostymedesignar: Dagny Drage Kleiva

Lysdesignar: Per Willy Liholm

Koreograf: Belinda Braza

Lyddesignar: Igor Zamarajev

Dramaturg: Carl Morten Amundsen

FOR- OG ETTERARBEID TIL SONGFUGLEN

Handlinga i romanen Songfuglen er lagt til eit matriarkalsk samfunn, eit samfunn av kvinner. Dei fleste av mennene i dette samfunnet er jaga til skogs. Andre lever som utstøtte, forkledd og prostituerte på bordell. Nokre menn lever i skjul, forkledd som kvinner.

Jacoba er hovudpersonen i romanen, og han er ein gut. Mor til Jacoba har heile livet halde det skjult for omverda at Jacoba er ein gut, noko som blir stadig vanskelegare etter kvart som han gjennomgår puberteten. Han er tatt ut av skolen, og mora blir overlykkeleg da han blir akseptert som elev hos den respekterte songlærarinna Malinovskaja. Han innleier eit farleg forhold til tenestejenta hennar, og kjenner på drifter og kjensler han ikkje ante fanst, og som han ikkje heilt veit å kontrollere. Han har alltid visst at det er farleg å vere mann, og byrjar no å ane kor farleg. Men kva som må til for at han skal kunne fortsette å synge, ja, fortsette å leve, er noko alle andre enn Jakoba forstår.



Her finn de nokre oppgåver de kan arbeide med. I dette opplegget arbeider elevane med adaptasjon frå eit romanutdrag via ein dramatisert tekst til film. Du kan bruke deler av opplegget, eller heile.

Vi les eit utdrag frå tidleg i romanen som skildrar samfunnet og korleis Jacoba har det. Tekstutdraget finn du lengst bak i dette heftet. Les utdraget i samla klasse og diskuter så følgjande spørsmål:

- Kva skjer i dette romanutdraget?
- Korleis har Jacoba det? Finn døme i teksten som underbyggjer desse refleksjonane.
- Korleis har mor til Jacoba det? Finn døme i teksten som underbyggjer desse refleksjonane.
- Kva for rolle spelar fuglen? Kvifor er han med?

Gå så saman i grupper på fire. Fordel desse rollene mellom dykk: manusansvarleg, regissør, filmansvarleg og presentasjonsansvarleg.

Skriv romanutdraget om til drama. Manusansvarleg har ansvar for at manuset får god litterær kvalitet. Dette må de diskutere medan de skriv den dramatiske teksten:

- Kva i handlinga bør formidlast gjennom direkte tale mellom karakterane (Jacoba og mora)?
- Kva er Jacoba sine indre tankar, og korleis få fram desse (monolog, legge dei inn i dialogen, innføre ein ny karakter som Jacoba kan snakke med, vise dei gjennom handlingar, scenografi, kostymer osv.?)
- Kva i utdraget bør uttrykkjast på andre måtar enn gjennom direkte tale, til dømes stemninga i teksten? Kan de bruke musikk, lyder, gjenstandar, lys?
- Korleis skal karakterane uttrykke dei kjenslene dei ber inne i seg? Korleis bør kroppsspråket vere, haldninga, mimikken, korleis bør dei bevege seg?
- Skriv ferdig teksten gjennom bruk av scener, replikkar og scenetilvisingar.

Øv på dramatisering av romanutdraget. Regissøren har ansvar for at dramatiseringa vert så god og effektfull som mogleg. Regissøren har det avgjerande ordet når det gjeld endringar av teksten i innøvinga.

- Regissøren instruerer resten av gruppa i korleis dei skal bevege seg på scena, kva dei skal gjere og korleis dei skal framføre replikkane sine.
- Får de fram det de skal gjennom å dramatisere teksten som de har skrive? Bør de legge til ting i teksten (replikkar, gjenstandar, rørsler osv.) eller fjerne ting? Korleis kan de endre dramaet for at de skal få fram stemninga og tematikken endå betre?
- Øv inn den endelege versjonen slik at de ikkje har behov for manus, og

slik at de kan framføre dramaet med god innleving.

Lag ein kort film av dramaet. Bruk mobiltelefonen. Det finst mange, enkle filmredigeringsprogram som fungerer til dette føremålet, til dømes iMovie eller Viva Video. Filmansvarleg har det avgjerande ordet når det gjeld val av filming. Dette er ting de bør tenke gjennom før de filmar:

- Kor mange scener skal de filme (kor mange delar skal de dele opptaka inn i – kva er naturlege skiljer?)
- Korleis skal de få fram stemninga best mogleg gjennom film (skal det vere svart-kvitt-film, lang avstand eller nær avstand, kor tett på personane skal kameraet gå, korleis bør kamerabruken varierast, bakgrunnslyd, filter osv.)?
- Rediger klippa saman til ein samanhengande film.

Før de viser filmen for samla klasse, reflekterer gruppa rundt spørsmåla under. Presentasjonsansvarleg har ansvar for å introdusere filmen og i etterkant av visninga presentere gruppa sine refleksjonar rundt desse spørsmåla:

- Kva for val gjorde de då de laga eit drama av romanteksten? Kva for val gjorde de då de skulle filmatisere den dramatiske teksten? Kva var årsaka bak desse vala?
- No har de som gruppe arbeidd med adaptasjon, det vil seie overføring av ein tekst frå eit format til eit anna. Kva skjer med ein tekst når han til dømes vert endra frå å vere ein romantekst til å verte ein dramatisk tekst? Er teksten den same?
- Korleis har dei andre gruppene løyst denne oppgåva? Har dei andre gruppene brukt grep som de kan lære av til neste gong?

INTERVJU

MØRKT, BRUTALT OG VAKKERT

– Dette er ei vanvittig frårøving av identitet, seier Frank Kjosås. Han spelar hovudrolla som Jakoba i *Songfuglen*, ei rolle regissør Peer Perez Øian meiner han er som skapt for.



Tematikken i Jan Roar Leikvolls roman engasjerer openbert skodespelaren. Han trommar fingrane rytmisk i kantinebordet. Ser ettertenksam bort på kollegaen sin på motsett side.

– Stykket tar opp mørke tema på eit underfundig vis, seier Renate Reinsve. Ho skal spele rolla som Tikva, jenta Jakoba forelskar seg i. Men *Songfuglen* er ingen romantisk komedie. Tvert imot eit nokså dystert landskap å gå inn i. Leikvoll har dikta opp eit kvinnesamfunn der menn for lengst er utstøytt.

– Det har vore ein konflikt eller ein revolusjon i fortida. Men vi får aldri vite kva, fortel Renate. Dei mennene vi får høyre om, er anten villmenn som lever i skogen og jamleg kjem på raid i byen, eller prostituerte avlsmaskinar på bordellet. Kva som hender med gutebarna som blir fødde, er det ingen som snakkar om. Men Jakoba er ein av dei. Ein gut som har vakse opp som jente, med skjult identitet. No er han på veg inn i puberteten, og kva kjønn han er

TEKST

Åsne H. Dahl Torp

FOTO

Siren Høyland Sæter

byrjar å bli vanskeleg å skjule. Skoa er for tronge, kjolen òg. Hår kjem til syne i andletet. Stemma endrar seg.

Kjønn er ikkje viktig

Leikvolls dystopiske univers representerer likevel ikkje eit innlegg i debatten om "kva som hender når likestillinga er gått for langt". Kjønnspektivet er eit verkemiddel for å setje ting på spissen – eit bilde på noko meir. Men kva?

– Stykket viser kva som hender når mennesket blir utsett for tvang og press for å vere noko ein ikkje er, meiner Frank.

– Ein kan sjå det som eit erkematriarkat som er litt høgt på seg sjølv. Det ligg også ei enorm einsemd i det. Jakoba er ein skjør gut og kjenner seg heilt åleine. Han kjenner seg kvelt og opplever verda som uforståeleg, falsk og forvirrande.

Sjølv "fann" Frank seg sjølv på ein liten hybel på Romerike Folkehøgskole etter å ha vakse opp som ein slags songfugl i Hardanger. Han tenkjer med gru på alle som ikkje tør å finne sin eigen identitet, som aldri "passar inn" i livet dei lever.

– Ein kan også sjå motivet som bilde på korleis samfunn oppstår og går til grunne på nytt og på nytt. Alle samfunn utviklar normer og reglar for korleis ein skal te seg. Dei som ikkje passar inn gjer til slutt opprør.

Kroppslig utfordring

For Frank representerer rolla ei heilt ny og stor utfordring. For korleis går ei jente på tretten år? Eller rettare – ein tretten år gammal gut som er oppseda til å vere jente? Stemmeleiet er lysare og mildare enn vanleg. Men aller størst er den songlege utfordringa. Dette er eit teaterstykke med mykje musikk. Sandra Kolstad har komponert songar, korparti og stemningsmusikk som tilfører noko vakkert til dei brutale omgjevnadene. For songen har ein viktig funksjon i dette samfunnet, og Jakoba er ein gudgjeven songar.

– Eg er egentleg ein lys tenor. Sist eg song var i Sweeney Todd. Da song eg baryton. Men no skal eg syngje gutesopran. Eller kontratenor, som er det næraste ein kjem som mann. Eg må bruke hovudklang og falsett, som det heiter på fagspråket. Det er ein heilt ny måte for meg å bruke stemma på. Eg kan ikkje spele i noka framsyning dagen før. Stemma må kvile. Det er ekstremt teknisk utfordrande.

Dødsdømd kjærleik

Songen er Jakobas redning i samfunnet. Som kastratsongar kan han leve vidare – men det har ein stor pris. Han må gjennomføre eit velkjent fysisk inngrep som gjer han til evnukk. Dermed mistar han heile identiteten sin og kva han er og kunne ha blitt. Retten til kjærleik. Jakoba har vunne ein stor songkonkurrans og har fått plass på songskolen til den aller mest verdsette songlærarinna; Malinovskaja. Hos henne møter han Tikva, som Renate skal spele: – Det er ekstremt mykje på spel. Alt kan løyse seg. Men så kjem eg, tenestejenta til Malinovskaja. Tikva er 16-17 år og kjenner seg, som Jakoba,



fanga i dette samfunnet. Ho kan ikkje leve livet utan å kjenne nærleik til ein mann, noko ho aldri kan få på ordentleg. Samfunnet avgrensar seksualiteten og kjenslelivet hennar.

- Møtet med Tikva rystar Jakoba i sjela. Ho vekker mannen og kjenslene i han. Ho ser han og elsker han for den han er. Ho er ærleg og seier sanninga. Dei møtest i einsemda dei begge kjenner, og møtet deira blir ei flukt frå samfunnet. Jakoba mistar fullstendig fatninga, seier Frank.

Tikva og Jakoba innleier eit forhold, men det er farleg og nokså sikkert dømd til å ikkje få ein lykkeleg utgang.

- Ein tek eit val kvar dag om å bli i det samfunnet vi er ein del av, sjølv om det er eit passivt val. Jakoba risikerer livet anten han vel å bli der han er eller om han vel å bryte, meiner Renate.

Fri som fuglen?

Songfuglen er eit bilde på mennesket i samfunnet. Malinovskaja seier at songfuglane som lever i bur er lykkelege, fordi dei ikkje kjenner til verda utanfor. Dei er trygge, dei har ingen ytre fiendar. I boka har Jakoba også ein songfugl som er fri, men som ikkje rømmer.

- Alle menneske må finne sin måte å passe inn i samfunnet på. Kunsten er å halde på sin eigen identitet samtidig, seier Renate. Ho ser på Frank.

Bør ein tilpasse seg samfunnet, eller bryte?

- Ein må tilpasse seg, svarar dei, nærast i kor.

- Tilknytning, det å høyre til, er det viktigaste. Ein har ikkje noko val. Ein må alltid tilpasse seg naturen.



INNESTENGD I UDYR

Da Jan Roar Leikvoll debuterte med *Eit vintereventyr* hausten 2008, skjønte kritikarane raskt at romanen dei hadde fått tilsend var eit uvanleg stykke litteratur. «Mirakuløs debut» skreiv ein av dei. «Svart perle» skrev ein annan. Sidan kom tre romanperler til, i nokså rask rekkefølge: *Fiolinane* (2010), *Bovara* (2012) og *Songfuglen* (2013). Alle fekk svært gode tilbakemeldingar og stadfesta Leikvolls posisjon som ei original stemme i norsk samtidslitteratur. I 2014 døydde Leikvoll brått. Eit stort tap og ufatteleg trist, ikkje berre for hans næraste, for tenk kva han kunne skapt om han hadde fått leve mykje lenger.



Kva er det som gjer Leikvoll så verd å leggje merke til? Eitt svar, ved første augekast, er valet av univers. Handlinga i *Eit vintereventyr* er lagt til ein konsentrasjonsleir. I *Fiolinane* er vi i eit primitivt samfunn, ei ørkenaktig søppelfylling. Berre eit fly på himmelen og eit par andre rekvisittar røper at handlinga går føre seg i moderne og sannsynlegvis postapokalyptisk tid. Kanskje er det ein miljøkatastrofe eller krig som har isolert menneska i dette samfunnet. Dei er nakne og bur i provisoriske skur, oppfører seg som dyr mot kvarandre. Heita er uuthaldeleg, svolten gneg, livet handlar om å overleve. Akkurat slik fangane i debutromanen er sperra inne bak piggrådgerda rundt leiren, er menneska i *Fiolinane* omringa av måneaktige fjell som ingen nokon gong har vore bortanfor. I *Bovara* er vi på innsida av eit kloster. Utanfor klostermurene ligg den fiktive byen som har gitt namn til romanen. I *Songfuglen* er vi i ein annan fiktiv by, der kvinnene har tatt makta. Dag og natt høyrest brøl frå skogen utanfor bymuren. Der lever dei bortstøtte mennene, som av og til går til åtak på byen, i forsøk på å ta den attende.

TEKST


Christian Kjelstrup

TIL NYNORSK VED


Unn Catodotter Fyllingsnes

FOTO


Tove K. Breistein



Sjølv ut frå eit raskt handlingsreferat som dette, forstår ein at bøkene til Leikvoll er lenger unna norsk samtidsverkelegheit i tid og rom enn det som er vanleg i mykje norsk samtidslitteratur. Det same kunne vore sagt om Leikvoll sjølv. Delar av året levde og arbeidde han i Kviterussland, eit land få av oss reiser til. Eit land i sentrum av Europa, men i periferien av medvitte vårt. Også i bøkene sine oppsøker Leikvoll verkelegheiter mange ville ha vegra seg mot å gå inn i. Og nettopp derfor vedkjem bøkene hans oss. Det vesentlege viser seg i det tilsynelatande perifere: Ved å setje karakterane sine under ekstreme livsføresetnader, som i *Fiolinane*, tvingar han dei til å ta ekstreme val og vise den sanne naturen sin. Fordi nesten ikkje noko menneskeleg er framand for han, trer karakterane fram som djupt menneskelege, også når dei oppfører seg heilt annleis enn deg og meg. For dette er det andre som kjenneteiknar dei fire romanane Leikvoll fekk gitt ut i løpet av fem år: Karakterane er outsidersar, til dels merkelege og groteske. Det gjeld særleg den namnlause hovudpersonen i *Eit vintereventyr* og munken Frrok (også namna er annleis hos Leikvoll) i *Bovara*. Hovudpersonane i *Fiolinane* og *Songfuglen* er framandgjorde først og fremst i kraft av at dei er gutar i ferd med å bli menn. Dei prøver å forstå seg sjølve og verda dei er ein del av, og det er i denne spaninga mellom individ og samfunn at Leikvolls romanar utfaldar seg. Eller for å seie det på ein annan måte: Ved å setje underlege karakterar inn i ei underleg verd dei er på kant med, oppstår det uvilkårleg spaning.



Ingen som har lese ei Leikvoll-bok, gløymer det. Sjølv var eg heilt utmatta etter at eg hadde lese ferdig, eg kjende det i heile kroppen. Bøkene har eit veldig trykk i seg, stemninga er uhyggeleg og klaustrofobisk, karakterane brenn seg fast i deg. Dette er lett å seie. Ikkje like enkelt er det å peike på kva i tekstane som skapar eit slikt trykk, men eg skal gjere eit forsøk. Leikvolls bøker har nemleg enda eit påfallande fellestrekk: Innanfor dei avstengde universa der handlinga går føre seg, finst det i alle romanane eitt eller fleire enda mindre og avstengde – og dermed enda meir klaustrofobiske – rom. Hovudpersonen i *Eit vintereventyr* deler rom med Hans. Begge er fangevaktarar, men er like lenka til leirverkelegheita som fangane dei er sette til å vakte over. Dei vil vekk, men det er umogleg. Berre på det vesle rommet sitt har dei eit slags privatliv, i skjul for leirleinga. I *Fiolinane* sperrer far og son mora inne i eit mindre skur. I *Bovara* sperrar Frrok ei gravid kvinne inne i klosterkjellaren. I *Songfuglen* må hovudpersonen Jakoba for all del skjule at han ikkje er jente. Får omverda vite det, kan det få fatale følgjer. Mora kler han i kjole og flettar håret hans, og berre heime hos seg sjølve kan dei snakke fritt. Alle hovudpersonane til Leikvoll er anten fødte eller sette inn i ein samanheng dei ikkje herskar over. Dei er tatt til fange av sjølve tilveret.



Det inste rommet i romanane finst i hovudpersonane sjølve. Kvar og ein ber dei på forbodne kjensler og ei fundamental einsemd. Ta fangevaktaren i *Eit vintereventyr*.

Om natta sov Hans og eg i kvar vår seng, rommet var smalt og jernsengene stod nær kvarandre. Det hende eg vakna utpå natta og berre lytta til pusten frå Hans. Var andletet vendt mot meg, kjende eg ein mild varme frå munnen hans, større var ikkje avstanden mellom oss (...) Eg heldt handa mi framfor Hans sin sovande munn, og når han hadde pusta på henne ei lita stund, drog eg handa til meg og la henne mot mitt eige andlet, gøymd under det tjukke ullpleddet, der eg kjende lukta av Hans til min eigen svevn kom.

Også Hans lengtar vekk, til ei kvinne han har utanfor leiren. Hovudpersonen på si side fantaserer om eit liv med Hans. Han flyktar inn i ei drøymeverd der dei to mennene bur i eit idyllisk hus i skogkanten, men inst inne veit han at det er umogleg. Det er denne intense lengta, som hovudpersonane må bere åleine fordi kjenslene deira er forbodne eller dei ikkje får kjærleik attende, som skapar det særprega trykket i romanane til Leikvoll. Inntrykk som aldri kan uttrykkjast. Ein slags mental drivhuseffekt, som gjer at karakterane blir gåande som levande trykkokarar og held på å sprengjast innanfrå. Dei er, for å låne eit bilde frå Leikvolls forfattarkollega Olaug Nilssen, «innestengt i udyr». At vi føler med dei, sjølv når dei utfører grufulle handlingar, viser Leikvolls styrke som forfattar. Fleire av karakterane endar opp som drapsmenn. Kanskje skuldast dette at vald står att som den einaste moglege forma for overskriding når verda er stengd, sjølvrealisering er umogleg og kjærleiken ikkje kan realiserast. Slik blir Leikvolls bøker også djuptloddande studium i utviklinga av psykologien til (rett nok ukonvensjonelle) drapsmenn. Det i seg sjølv gjer dei ulideleg spanande, nesten som krimromanar, for vi anar at det kjem til å gå gale.

I 2012 laga NRKs dokumentarjournalist Ninja Benneche eit nærgående, men nennsamt tv-portrett av Jan Roar Leikvoll. I samtalen med Benneche går forfattaren sjølv langt i å hevde at trykket eller nerven i bøkene hans har utgangspunkt i ein eigenerfart tilstand. Som gut fekk han påvist ein tumor i hjernen. Kanskje som ei følge av dette blei Leikvoll praktisk talt lam ein lengre periode seinare i livet. I fleire månader låg han berre og stira i taket. – Veldig mykje av grunnlaget for dei verkeleg mørke sidene ved meg sjølv blei skapt da, uttalar han til NRKs journalist. Kjensla av å vere innesperra i sitt eige sinn, gav han tilgang til eit repertoar av mareritt, raseri og angst, som han sidan kunne kalle fram att og bruke litterært. Eller som han seier i dokumentaren: – Før skreiv eg berre vanleg om heilt vanlege ting.

Christian Kjelstrup er forlagsredaktør i Aschehoug. Hausten 2015 opna han Fiolinanes bokhandel i Bergen, ein pop up-bokhandel der han berre selde bøkene til Jan Roar Leikvoll.

Jan Roar Leikvoll skreiv ikkje berre uvanleg godt om uvanlege ting. Som sitatet frå *Eit vintereventyr* røper, skreiv han òg uvanleg vakkert. Kanskje er dette, når alt kjem til alt, det mest fundamentale kjenneteiknet ved romanane til Leikvoll: Det poetiske språket, ein var og rytmisk nynorsk. Slik går det an å seie, kor forferdelig det enn kan høyrast, at tumoren også gav han noko. At Leikvoll, i motsetnad til hovudpersonane sine, makta å foredle erfaringane sine og omarbeide dei til kunst, er gáva hans til oss.

UTDRAG FRÅ SONGFUGLEN

Dette er eit utdrag frå romanen *Songfuglen* som undervisningsopplegget er basert på.

Mor sat aleine på ein benk utanfor høgblokka, ansiktet var skeivt, og ho tenkte på tante, tante var mors skeive ansikt. Då ho såg meg, reiste ho seg og tok meg med bort til muren, peikte ned mot elvefaret. Fleire vakter stod rundt den skadde mannen eg såg falle frå ein høg stein i natt, han hadde ikkje klart å reise seg og forsvinne inn igjen i skogen. Ei vakt pirka med geværet sitt. Mannen bevegde seg så vidt, han måtte vere kald etter å ha lege ute heile natta, kanskje blodlaus etter skaden. Vakta gjekk bort i kjellaren i ei av høgblokkene, kom tilbake med ei kanne, opna lokket og helte væska over mannen. Han begynte å vri seg, opna munnen og prøvde å brøle, men lyd mangla. Vakta slengde den tomme kanna bort, og dei andre trekte seg unna, bare vakta stod igjen og tende på, flammene slo brått og kraftig opp på ryggen på mannen og spraka høgt, kasta lange skuggar rundt seg. Inne i elden opna munnen seg i eit nytt og langt brøl, men alt eg hørde, var flammefreset.

Slikt gjorde vaktene for å skremme, visste eg, heller enn å få tak i politiet. Men kvifor ville mor absolutt vise meg det? Ho hadde alltid halde meg langt unna når mannfolk fekk gjennomgå. Mor strauk meg over håret og drog kjærleg i flettene då vi kom inn, strauk over augebryna og deretter kinna, eg visste at ho kjente etter om det var begynt å stikke mørke og harde hår ut av ansiktet mitt, og ho fann fleire.

Jakoba, sa mor, set deg.

Eg sette meg ved bordet. Det var mildt ute, likevel stengde ho vindauget.

Ingen, sa ho, ingen hår må få vekse.

Ho var engstelegare no som tante ikkje lenger passa på meg, eg var aleine kvar gong mor gjekk vakt. Ingen følgde med på kva eg gjorde, kvar eg gjekk. Det var mor og eg frå no av, og eg måtte gjere som ho sa. Eg sa ofte til mor at eg sakna tante, men ikkje at det var ei lita lette aldri meir å måtte vere saman med henne kvar gong mor var ute. No kunne eg gjere som eg ville, komme og gå som det passa meg. Men heller aldri igjen kunne eg gi tante ro om ho følte uro, aldri meir sitt i badekaret mens tante låg på senga og las høgt eller fortalde, aldri meir tante i badekaret mens eg låg på senga, der mor sat og kikka bort på meg.

Ho gjekk ut i gangen og kom tilbake med eit spann fylt med varmt vatn, drog ut skuffa i bordet og la kniven framfor meg, flytta på ein bokstabel etter tante, fukta ein klut med såpe i det varme vatnet, såpa inn kinna mine

og greip kniven og heldt ansiktet fast, bladet raspa mot huda då ho snitta dei få håra bort, men då eg heldt opp handspegelen like etter, blødde det ikkje. Huda var bare raud og varm. Slik eg heldt spegelen, såg eg mor kle av seg bak meg, smal og sterk rygg, dei runde hoftene, eg vrei spegelen slik at den kasta ein solfleck på ryggen hennar, og ned på baken, kvar dag klødde det sterkare i trusene, eg måtte aldri klø, aldri gjere noko med det, aldri snakke om det, aldri la nokon finne det ut, ingen ville forstå. Men bare eg tenkte på ei jente, slik eg tenkte på ho som var saman med Malinovskaja, klødde det slik at eg ville ein tur opp på taket eller ned i kjellaren, bak kampesteinen framfor kulpen med varmt vatn, kvar som helst, bare eg fekk vere aleine. Men så snart eg reiste meg:

Du går ikkje ut no, sa mor.

Det er lenge til songtimen.

Bruk spegelen på deg sjølv, sa ho, ansiktet ditt er raudt som ein grisunge. Kva kan ikkje naboane tru om du vimsar omkring slik? Såg du ikkje kva som hende med den mannen?

Men så mildna mor.

Jakoba, eg har snakka fortruleg med Malinovskaja. Ho veit kvifor du syng finast av alle. Ja, det veit ho. Du kan lukke munnen din.

Ho heldt plutseleg på å begynne å gråte.

Malinovskaja er den einaste som kan hjelpe oss, ho er den einaste som er til å stole på. Dette er vår sjanse, Jakoba. Du vann tevlinga og skal begynne i lære i kveld. Eg veit det er vanskeleg etter det med Teibele, men du har ikkje andre val.

Eg la meg på senga, fuglen filte nebbet mot vaglen, kasta så på hovudet og skratta. Mor støtta hendene mot vindaugskarmen og bøygde seg inntil vindaugsruta.

Har eg ikkje? sa eg, men mor enste det ikkje.

Gjer du som eg seier, treng vi snart ikkje lenger uroe oss. Vi treng ikkje lenger halde alt hemmeleg. Det er vanskeleg nok no. Eg tør ikkje tenke på når du blir eldre.

Tenk om eg ikkje vil synge?

Du har å begynne hos Malinovskaja. Du lar ikkje denne mulegheita gå frå deg. Kva anna kan vere betre enn dette?

Eg kan arbeide på fabrikk.

Du forstår ingenting, Jakoba. Finn dei det ut no, sa mor og retta peikefingeren mot meg, vil dei drive deg inn i skogen. I beste fall vil du hamne på bordellen.

I skogen vil dei ta imot meg. Eg er ein av dei.

Igjen heldt mor på å gråte. Eg måtte ikkje presse henne.

Nei, du er ikkje ein av dei. Der inne vil du ikkje klare deg lenge. Eg har nettopp mista søstera mi og vil ikkje miste deg. Du skylder meg dette. Du skylder oss dette. Teibele og eg har gjort alt for deg.

Det kom ikkje meir frå meg, for alt mor tenkte ut, vart gjort. Ho visste kva som var best, og fanst det noko som gjorde at eg alltid slapp å vere

forsiktig, var det sikkert bra. Kanskje eg kunne gå i andre truser, slike små andre på min alder ofte gjekk i, eller korte skjørt, kven visste. Om det var noko eg måtte gjere eller ete, visste eg ikkje, men når eg spurde, fekk eg ikkje svar. Det vart stille mellom oss, som no. Men i stilla tenkte eg vidare på jenta som var saman med Malinovskaja. Så tenkte eg på den mannen som tante hadde fortalt om, og som mor ikkje visste at eg visste om, fordi han var far min. Han hadde også vore annleis enn andre menn. Ikkje var han ein dei brukte til avl, ikkje vimsa han rundt på bordellen, han kasta seg heller ikkje over mor mot hennar vilje. Han var ein ung mann som også hadde gått rundt i kjole og sko. Eg hadde spurt tante om han visste om meg, men ho svarte ikkje. Eg spurde om han framleis budde i byen, og tante sa at så vidt ho visste, gjorde han det.

Framleis stille mellom mor og meg. Bare fuglen kvesste framleis nebbet mot vaglen, løfta av og til på hovudet og skratta. Mor opna eit vindauge, mild vind inn i rommet. Det lukta ikkje lenger brent, men skog og blokk. Fuglesong ute kom inn. Dette fekk fuglen til å legge hovudet på skakke og kikke forviten, som om det var eg eller mor som plutseleg kvitra.

FOTO

Foto frå framsyninga: Gisle Bjørneby
Plakatbilde på framsida: Fredrik Arff
Øvrige foto: Siren Høyland Sæter

TA KONTAKT

Vi ønskjer heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål. Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: skole@detnorsketeatret.no
eller ring 22473872.